

# Kva gjer vi dersom vi går oss vill i skogen?

Tekst: MAREN BØ



Dei fleste menneska som går seg vill, startar å springe. Då kan det bli vanskeleg å finne dei.

Forskarar trur vi spring fordi vi blir redde.

Det luraste ein gjer dersom ein går seg vill, er å halde seg i ro. Då er det lettare å finne personen for dei som leitar.



## LUR PÅ TUR

- Ha med mat, drikke og ekstra klede.
- Hugs at du skal både fram og tilbake.
- Hugs at det blir mørkt om hausten og vinteren.
- Be om hjelp om du treng det.
- Turklede i sterke fargar er lurt. Då er du lettare å finne.
- Hald deg i ro om du går deg bort.

